



## **Bestemmelsar til detaljregulering for gang- og sykkelveg langs fv. 252 Lalandsvegen - Søre del på Tu**

**PlanID: 6230**

Datert 14.08.2018

Sist revidert: 17.12.2018

Vedteke i kommunestyret den 4.2.2019 i sak 10/19

### **§ 1 FØRMÅL MED PLANEN**

Hensikten med planen er å etablere gang- og sykkelveg langs den eine sida av Lalandsvegen.

Områda blir regulert til

*Bygningar og anlegg (pbl. § 12-5 pkt. 1)*

- Energianlegg

*Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pbl. § 12-5 pkt. 2)*

- Køyreveg
- Gang- og sykkelveg
- Annan veggrunn- grøntareal

*Landbruks-, natur- og friluftsføremål (pbl. § 12-5 pkt. 5)*

- Landbruksføremål

*Hensynssone*

- Sikringssone – Frisikt

*Bestemmelsesområde*

- Anlegg- og riggområde

### **§ 2 KRAV TIL SØKNAD OM TILTAK**

Trafikkareala skal opparbeidast med inndeling av køyreveger og gang- og sykkelvegar som vist i planen, etter tekniske planar godkjent av Statens vegvesen. Den tekniske planen skal og visa siktlinjer for sykkel ved avkøyrslar. Tekniske planar skal vera godkjente av Klepp kommune og Statens vegvesen før igangsettingstillatelse kan gis.

### **§ 3 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (pbl § 12-5, 2. ledd nr. 2)**

Vegen skal dimensjonerast etter vegklasse Hø1, med ein ÅDT på 2000. Stig ÅDT merkbar må det setjast inn tiltak godkjent av Statens vegvesen for å stanse trafikkauken. Gang- og sykkelvegen skal vera tilrettelagt for universell utforming.

#### **§ 4 LANDBRUKS, -NATUR- OG FRILUFTSFORMÅL (pbl § 12-5, 2. ledd nr. 5)**

Jordbruksavkøyrslar frå FV. 252 Lalandsvegen er berre tillate der dei er regulerte og vist med symbol på plankartet.

#### **§ 5 HENSYNSSONER (pbl § 12-6)**

Innafor dei viste soner for fri sikt skal det vera fri sikt i ei høgd på 0,5 m over tilstøytande vegar si høgd.

#### **§ 6 BESTEMMELSESOMRÅDE - MELLOMBELS RIGGOMRÅDE**

Areal for mellombels riggområde skal førast tilbake til jordbruk etter at vegtiltaket er ferdig bygd.